ÅRSMELDING FOR 2022-23

Utdanningsforbundet Nord-Fron

Innhald:

Innleiing

1. Lokallagsleddet
1.1. Lokallagsstyret med vara
1.2. Funksjonar utanom styret

2. Arbeidsplassleddet
2.1. Arbeidsplasstillitsvalte
2.2. Arbeidsplassar utan tillitsvalt

3. Medlemsleddet
3.1. Medlemstal

4. Økonomi

5. Møter i lokallagsstyret

6. Møter, kurs og aktivitetar for tillitsvalte/medlemmar
6.1. Møter utanom styremøter
6.2. Kurs
6.3. Arrangement for medlemmane

7. Årsmelding frå pensjonistrådet

8. Årsmelding frå HTV

9. Kontorhald og frikjøpsressursar

10. Avslutning

Innleiing

Lokallagsstyret i Utdanningsforbundet Nord-Fron vil i årsmeldinga informere om arbeidet som har vore gjort i lokallagsstyret det siste året, og gjere greie for aktiviteten i lokallaget elles.

Etter nokre år med ein koronapandemi som har påverka aktivitetsnivået og møteverksemda, kan vi no sjå attende på eit meir normalt år.

Lokallagstyret fungerer godt, og det er godt skolerte tillitsvalte rundt omkring på arbeidsplassane. Lokallagsleiar og dei hovudtillitsvalte har hatt eit tett og godt samarbeid.

Det er god økonomi i lokallaget, og medlemstalet er stabilt.

1. Lokallagsleddet

1.1 Lokallagsstyret med vara

Styret har dette året vore satt saman slik:

Leiar, kasserar	Inge Jostein Findalen, GSK
Nestleiar, sekretær	Sissel Berget, GSK
Styremedlem	Bente Davidhaugen, BHG
Styremedlem	Hege Bjørkli, GSK, leder
Styremedlem	Ingunn Teige Spjotum, VGO
Styremedlem	Randi Kvernflaten, GSK
Styremedlem	Anders Berge, pensjonist
1. vara styremedlem	Mette Stigen, GSK
2. vara styremedlem	Bergljot Skaar, GSK, leder
3. vara styremedlem	Åse Wangen Friberg, BHG

Hovudtillitsvalt

HTV	Synnøve Sletten
HTV-vara	Sunniva Tungen

Sunniva Tungen gjekk over i ny stilling frå mars 2023, ho måtte difor trekke seg som vara for resten av perioden.

1.2 Funksjonar utanom styret

Forhandlingsutval

Leder	Sunniva Tungen
Medlem	Inge Jostein Findalen
Medlem	Bente Davidhaugen
Medlem	Synnøve Sletten

Pensjonistråd

Medlem	Anders Berge
Medlem	Marit Håkenstad
Medlem	Ingrid Arnhild Kvernes

Valkomité

Medlem	Lars Skybak, GSK
Medlem	Janne V. Moen, BHG
Medlem	Jon H. Brandvol, VGO

2. Arbeidsplassleddet

Utdanningsforbundet Nord-Fron har pr. 01.02.23 medlemmar på 15 arbeidsplassar.

2.1 Arbeidsplasstillitsvalte: 11 arbeidsplassar

Toksebakken barnehage	Benedickte Rasmussen
Kvam barnehage	Bente Davidhaugen
Ruste barnehage	Sunniva Tungen (Maria Stenbakk fom 01/03/23)
Sentrum barnehage	Ann Katrin Østlie
Vestsida kulturbarnehage	Aslaug Flatmoen

Barhaug skole	Bente Brustuen Bråten
Kvam skole	Anders Randen
Sødorp skole	Irene Brendstuen
Skåbu oppvekst	Heidi Maurstad (Torger Kvålen fom 01/12/22)
Vinstra ungdomsskole og vaksenopplæringa	Lisbeth T. Clausen (Lars Skybak fom 01/02/23)

Vinstra vidaregåande skule	Kristin Sommer

2.2 Arbeidsplassar utan tillitsvalt (2 eller færre medlemmar): 3 arbeidsplassar

- Nord-Fron heimebasert eldreomsorg
- Fron Kulturskole
- NAV Midt-Gudbrandsdal

3. Medlemsleddet

3.1 Medlemstal

Utdanningsforbundet Nord-Fron har 236 medlemmar pr. 01.02.23.

Medlemsutvikling dei siste fem åra:



Fordeling av medlemmar:

Barnehage (BHG)	39
Grunnskule (GSK)	78
Vidaregåande (VGO)	39
Faglig-administrativt støttesystem (FAS)	2
Pensjonistar	72
Andre	6
Sum	**236**

4. Økonomi

Det er god økonomi i lokallaget, noko vi har hatt gjennom fleire år. Det viktigaste for lokallagsstyret er å bruke mest mogleg av kontingentinntektene våre på medlemmane i lokallaget. For at vi skal få til det er det viktig for oss å få innspel på kva medlemmane ønskjer av arrangement og kurs.

Lokallagsstyret har utarbeida retningslinjer for bruk av kontingentmidlane i lokallaget når det gjeld frikjøp, godtgjering, profilering, gåver, bevertning og midlar til pensjonistråder.

Nokre nøkkelpunkt frå rekneskap:

- Kontingentinntektene for året var: **kr. 189 815 kr,-**
- Årsresultatet er på: **kr. - 226,-**
- Eigenkapital er på: **kr. 66 435,-**
- Overføring til fylkeslaget pga. 35% regelen: **kr. 40 251,-**. Vi kan ikkje ha meir i eigenkapital enn 35% av kontingentinntektene. Fylkeslaget har utarbeida retningslinjer for korleis fylkeslaget skal disponere desse midlane. Alle lokallag kan søke om å få støtte frå desse midlane til lokale og regionale arrangement.

Vi meiner å ha disponert kontingentmidla i tråd med retningslinjene for bruk av kontingentmiddel på lokalplan.

5. Møter i lokallagsstyret

Lokallagstyret har hatt 5 styremøter denne årsmøteperioda. Alle møta har vore gjennomført med fysisk oppmøte.

- Utvida styremøte 09.06.22
- Styremøte 15.09.22
- Utvida styremøte 08.12.22
- Styremøte 01.02.23
- Styremøte 15.03.23

Nokre av sakene frå desse møta:

- Permisjonsreglement i kommunen
- Tariff – lønnsoppgjer
- Konstituering, val av forhandlingsutval og pensjonistråd
- Streik
- Lokale forhandlingar
- Økonomi og innkjøp
- Medlemsarrangement
- Microsoft 365
- Innlandsforum
- Budsjettbehandling i kommunen
- Årsmøte
- Skole- og barnehagestruktur
- Retningslinjer og handlingsplanar
- Medlemsverving

Styret har hatt sommaravslutning og juleavslutning saman med dei tillitsvalte. I juni hadde vi middag på Milano og i desember åt vi julemiddag hos Peer Gynt Hotel & Spiseri.

6. Møter, kurs og aktivitetar for tillitsvalte/medlemmar

6.1 Møter utanom styremøte

Dei tillitsvalte deltok på utvida styremøte i juni og desember. Her gjekk vi gjennom retningslinjer, klubbmøter og medlemsaktivitet, status på arbeidsplassane og aktuelle saker.

Forhandlingsutvalet hadde i haust fleire møter i samband med lokale forhandlingar.

Lokallagsleiar orienterte valkomiteen i januar.

Arbeidsplasstillitsvalte er oppmoda til å ha jamlege klubbmøte og medbestemmelsesmøte på sin arbeidsplass.

6.2 Kurs

Utdanningsforbundet Innlandet har denne perioden hatt fleire kurs, nokre av dei digitale.

Lokallagsleiar og/eller HTV har jamleg vore på lokallagskurs som fylkeslaget arrangerer:

2022		**2023**	
25.-26.april	Forhandlingskurs	12.jan	Lokallagskurs
9.mai	Lokallagskurs (digitalt)	15.-16.feb	Lokallagskurs
1.-.2.juni	Lokallagskurs	13.mars	Lokallagskurs (digitalt)
31.aug	Lokallagskurs		
14.-15.des	Lokallagskurs*		

* I desember deltok også pensjonistkontakten på lokallagskurs.

I oktober deltok fleire tillitsvalte på storkurs.

I november deltok lokallagsleiar på Innlandsforum.

Arbeidsplasstillitsvalt i vidaregåande har vore på eigne kurs/samlingar for tillitsvalte i vidaregåande.

Utdanningsforbundet er dyktige på å halde gode kurs. Dei er oftast svært nyttige, interessante og lærerike. God kursing er avgjerande for at lokallaget og dei tillitsvalte skal fungere godt.

6.3 Arrangement for medlemmane

Den 9.november arrangerte vi medlemskveld i samarbeid med lokallaga i Ringebu og Sør-Fron. Geir Aker, kjent som "fenriken" frå *Kompani Lauritzen*, haldt foredrag med tema: "Tør og vær tydelig. Lev med konsekvensene". Møtestad var Inntunet på Vinstra vidaregåande skule. Det vart servert kaffe/ te og kringle.

Dette var ein svært populær kveld med gode attendemeldingar. Det var 89 deltakarar frå lokallaget Nord-Fron. Totalt var det nesten 200 som møtte opp.

Styret har oppmoda klubbane til å arrangere klubbmøter med middag ein gong i året, for å ivareta dei sosiale møtepunkta. Fleire av klubbane gjennomførte dette før jul.

7. Årsmelding frå pensjonistrådet

Utvalet for seniorar føler ikkje at medlemmene etterspør hyppige arrangement, så vi har derfor lagt oss på ei litt forsiktig linje med berre eit par arrangement i året. I juni hadde vi eit opplegg i Skåbu med Per Risdal som kjentmann. Vi besøkte først husmannsplassen Bakkestuggu der vi fekk fin orientering om plassen. Vi fekk bake stomp og det vart servert kaffe. Etterpå gjekk vi tur til Petsiko, ei gammal, restaurert tømmerkoie og til naturperla Undertjern. Dei som ville, avslutta dagen med lunsj på Skåbu fjellhotell.

Julebord er heilt klart det medlemmene våre støtter best opp om. I år var vi vel 30 som møttest på Sødorp gjestgivergard. Det ble servert god mat og flinke elevar frå folkemusikklinja på VVS underhaldt. Ein vellykka dag sjølv om strømprisane gjorde at det var kaldt i lokalet!

Mange pensjonistmedlemmer set pris på å bli inviterte på foredrag for alle medlemmer. Foredraget til «Fenriken» Geir Aker som var i november, er eksempel på dette!

Samarbeidet med dei to nabokommunane våre sør for oss har ikkje kome godt i gang att etter koronaen. Rett nok vart vi inviterte av Sør-Fron til eit opplegg på Steig i Sør-Fron i august. Berre noen få av våre medlemmer møtte der.

Anders har vore på eit kurs for pensjonistar i regi av Utdanningsforbundet Innlandet.

Vi har møte i utvalet vårt 2-3 gonger i året for å planleggje aktivitet. Resten ordnar vi på telefon.

For pensjonistrådet,
Anders Berge

8. Årsmelding frå HTV

Jeg gikk delvis inn igjen i min stilling som HTV Nord-Fron høsten 2021, mest for å bistå i arbeidet med lokale lønnsforhandlinger. Jeg tok over hele stillingen den 1.januar 2022. Da begynte vikarierende hovedtillitsvalgt i ny jobb. Stillingen er på 34 %. Stillingsprosenten blir bestemt av antall medlemmer.

Utdanningsforbundet Nord-Fron har kontor på kommunehuset. Der er jeg stort sett på torsdager. Jeg er ellers fleksibel når det gjelder møtetidspunkt.

Den viktigste oppgaven min er å bistå medlemmer i ymse saker. I de sakene der jeg ikke har svar på det medlemmet lurer på, eller ikke har tilstrekkelig kompetanse til å ivareta medlemmet, tar jeg kontakt med Utdanningsforbundet Innlandet. Der kan jeg be om veiledning og bistand. Fylket har egne jurister og i ekstra krevende saker kan fylket overta hele saken.

Arbeidsoppgavene det siste året har vært sammensatte og bestått av:

- personalsaker, både enkle og mer krevende saker
- bistand ved lønnssamtaler
- møter medlem og fylkesledelsen
- å delta under intervju av pedagoger i barnehage og skoler. HTV sin rolle i disse intervjuene er å sørge for at intervjua blir gjennomført på en god og profesjonell måte
- å delta i jobben rundt omorganiseringer av administrasjonen
- jevnlige møter i AMU - Arbeidsmiljøutvalget – innmeldte saker, QM + m.m.
- jevnlige møter i Tripart, et sammensatt utvalg av administrasjonen, politikere og HTV fra arbeidstakerorganisasjonene med frikjøp
- jevnlige møter i Administrasjonsutvalg
- jevnlige møter i HMS-gruppe
- jevnlige møter med sektorsjef oppvekst Knut Håvard Meldal
- torsdagsmøter hver torsdag med personalsjef, sektorledere oppvekst, helse og HTV fra alle arbeidstakerorganisasjonene
- fellesopplæring i SFS, ny arbeidstidsavtale for undervisningspersonale
- regionsamlinger
- forhandlingskurs
- anna kurs og opplæring
- styremøter i lokallaget

Synnøve Sletten, HTV
Utdanningsforbundet Nord-Fron

9. Kontorhald/frikjøpsressursar

Utdanningsforbundet Nord-Fron har kontor i Nedregate 54 på Vinstra. Kontoret blir i hovudsak brukt av hovudtillitsvalt, men kan også bli brukt til møte med medlemmar og tillitsvalte.

Lokallagsleiar har hatt heimekontor deler av frikjøpstida sidan han bur eit stykke unna Vinstra.

Frikjøpsressursar 2022-23:

- Lokallagsleiar 34% (blir betalt av Utdanningsforbundet sentralt)
- Hovudtillitsvalt 34% (blir betalt av Nord-Fron kommune)
- Kasserar 2% (blir betalt av lokallaget)
- Sekretær 2% (blir betalt av lokallaget)

10. Avslutning

Vi i lokallagsstyret meiner at vi har utført arbeidet i tråd med sentrale, fylkesvise og lokale vedtekter og målsettingar. Samarbeidet i styret har fungert godt, og vi har hatt mange konstruktive møte. Vi har hatt god kommunikasjon med både fylkeslaget og arbeidsplassane.

Takk for godt samarbeid!

Vinstra, 15.03.23

Styret i Utdanningsforbundet Nord-Fron

v/ Inge Jostein Findalen, lokallagsleiar